



Arkivnr: 2016/3905-1  
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		28.04.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016
Fylkestinget		14.06.2016

## Ajourføring av forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Gjeldande forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement vart handsama i fylkestinget i juni 2014 og vart sett i kraft frå 1. august 2014. I denne saka fremmar fylkesrådmannen framlegg om ajourføring og nokre mindre endringar.

### Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget vedtek forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement slik ho er lagt fram i saka.
- 2 I § 1 (6) vert det lagt inn ei tilvising til kapittel 9a slik at regelen lyder:  
« Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtferd (jf. opplæringslova §§ 1-1, 3-7, kapittel 9a og forskrift til opplæringslova § 12-1).
- 3 Ny § 3 skal lyde:  
«Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1.»
- 4 4. I § 4 (8) a vert «truslar» lagt til slik at regelen lyder:  
«Følgjande handlingar er forbode  
a. Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd skal ikkje førekome.»
- 5 Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland vert sett i kraft 01.08.2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune 2016

## Fylkesrådmannen, 06.04.2016

Det følger av opplæringslova § 3-7 at fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement. Gjeldande forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement vart handsama i fylkestinget i juni 2014 og vart sett i kraft frå 1. august 2014. I denne saka fremmar fylkesrådmannen framlegg om ajourføring og nokre mindre endringar. Ein mogleg større gjennomgang av felles ordens- og åtferdsreglement er per dags dato ikkje planlagt, og krev ein større prosess med høyringar og referansegruppe. Fylkesrådmannen ser ikkje trong for ein slik større gjennomgang no. Sjølv om det ikkje er krav om høyring ved ei slik mindre ajourføring som det vert gjort framlegg om her, har rektorane og skuleleiingane vorte informert om arbeidet og har hatt høve til å kome med innspel. Dei par innspela som er komne, er tekne med i denne saka. Framlegga til endringar i ordensreglementet har vore drøfta med Læringsmiljøutvalet i seksjon Skule i Opplæringsavdelinga, der mellom anna mobbeombodet sit, og deira innspel er tekne med i ajourføringa. Ordensreglementet var oppe i info- og drøftingsmøte 06.04.2016.

### Endringar

#### Oppsett og språk

Det gjeldande ordensreglementet er ikkje laga etter Utdanningsdirektoratet sin mal for oppsett av ordensreglement. Framlegg til ajourført ordensreglement følger denne malen, og er strammare sett opp med paragrafar og nummererte ledd. Det har også vore gjort nokre byte i høve kvar dei ulike reglane er plassert, slik at til dømes alle reglane om sakshandsaming er samla og alle reglane om sanksjonar er samla. Det er også gjort ein gjennomgang av språket og retta opp skrivefeil.

#### Tilvising til kapittel 9a i formålsparagrafen

I gjeldande ordensreglement er det vist til ein del reglar om elevane sine plikter, men ikkje i tilsvarende grad til elevane sine rettar. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om å leggje til ei tilvising til opplæringslova kapittel 9a som omhandlar elevane sine rettar til både godt fysisk og psykososialt skulemiljø i formålsparagrafen for reglementet, slik at regelen lyder:

«Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlag for vurdering i orden og åtferd (jf. opplæringslova §§ 1-1, 3-7, kapittel 9a og forskrift til opplæringslova § 12-1).» (endringa er understreka).

#### Ny regel – § 3 Rettane til elevane

Paragraf 3 Rettane til elevane er ein ny regel som ein ikkje finn i gjeldande ordensreglement. I Utdanningsdirektoratet sitt oppsett for ordensreglement er dette teke inn, og ein bør difor òg ha det i vårt ordensreglement. Regelen gjev ikkje elevane nokre ytterlegare rettar enn det dei allereie har, ettersom dette er ei ajourføring og inga større endring. Regelen byggjer i all hovudsak på opplæringslova § 9a-1.

#### Truslar

I det gjeldande ordensreglementet er ikkje truslar spesifikt forbodne. Dette er i det nye ordensreglementet teke inn i § 4 (8) a, slik at regelen skal lyde: «Følgjande handlingar er forbode a. Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd skal ikkje førekome.» (endringa er understreka)

#### Ny regel - § 9 Ikraftsetjing

Det følger av oppsettet til Utdanningsdirektoratet at det bør gå fram av sjølve forskrifta når ho tek til å gjelde. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om at dette vert fastsett i ny § 9, slik at regelen skal lyde: «(1) Forskrifta tek til å gjelde frå 1. august 2016 og gjeld til den vert oppheva.»

## Oversyn endringer – forskriftspegel

<b>Ordensreglement 2014</b>	<b>Ordensreglement 2016</b>	<b>Endring</b>
§ 1 Formål	§ 1 Formål	Ny tilvising til kap. 9a i (6), elles berre språklege endringar
§ 2 Virkeområde	§ 2 Verkeområde	Inga endring
	§ 3 Rettane til elevane	Ny
§ 3 Plikter og ansvar	§ 4 Pliktene til elevane	Truslar lagt til i (8) a, elles berre språklege endringar
§ 4 Forbod	§ 4 Pliktene til elevane	Berre språklege endringar
§ 5 Hærverk	§ 4 Pliktene til elevane	Berre språklege endringar
§ 6 Frammøte og fråvær	§ 4 Pliktene til elevane	Berre språklege endringar
§ 7 Vurdering i orden og åtferd	§ 5 Orden og åtferd	Berre språklege endringar
§ 8 Varsling	§ 5 Orden og åtferd	Berre språklege endringar
§ 9 Reaksjonar ved brot på ordens- og åtferdsreglementet	§ 6 Sanksjonar	Berre språklege endringar
§ 10 Reaksjonsmåtar ved fusk på prøver	§ 6 Sanksjonar	Berre språklege endringar
§ 11 Reaksjonsmåtar ved fusk ved eksamen	§ 6 Sanksjonar	Berre språklege endringar
§ 12 Bortvising frå eksamen	§ 6 Sanksjonar	Berre språklege endringar
§ 13 Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på ordens- og åtferdsreglementet der eleven har klagerett	§ 7 Sakshandsaming	Berre språklege endringar
§ 14 Klagehandsaming	§ 7 Sakshandsaming	Berre språklege endringar
§ 15 Tillegg til ordens- og åtferdsreglementet	§ 8 Tillegg til ordens- og åtferdsreglementet	Inga endring
	§ 9 Ikraftsetjing	Ny